

## Rapport for tildelte midlar over tilskot til lokale friluftslivstiltak 2014.

Meland kommune ved tenesteområde kultur, saman med grunneigarar og andre lokale kreftar, fekk i 2014 tildeling på kr 20 000 over tilskot til lokale friluftslivstiltak 2014 til Oppgradering av sti – *Krossfjellet*.

Målsettinga med oppgraderinga var å gjøre denne svært populære turstien meir tilgjengeleg for enda fleire ved å lage til klopper i totalt 80 meters lengde, i tillegg til grøfting og påfylling av sandjord.

Desse tiltaka blei gjennomført hausten 2014, i tillegg til enkelte korte trapper av tre over somme av svaberga. Det har ikkje vore nokon avvik frå planen. Prosjektet skal vidareførast, med oppgradering av stien frå Fosse og Moldeklev i løpet av 2015. Området inngår òg i planen for merking og gradering langs Mjåtvæitvassdraget til Melandsskaret.

Total kostnad for tiltaket var stipulert til å vere kr 55 886. Finansieringa skulle vere gjennom kr 21 440 i dugnad, kr 4 446 i kommunalt tilskot og kr 30 000 i fylkeskommunalt tilskot.

Prosjektet fekk tildeling på kr 20 000 frå Hordaland fylkeskommune og ein kommunal eigeninnsats på kr 4 400. Tiltaka blei gjennomført av ein større gjeng under leiing av grunneigar Helge Henanger og lærar ved Nordhordland folkehøgskule, Ronald Øyen. Rekneskapet viser utgifter på kr 24 539 og dugnad på 134 timer à 160kr.

	Kostnads-overslag	Kostnadsresultat	Finansieringsplan	Kven	Finansieringsresultat	Kven
Material/innkjøp	34 446	24 539	30 000	Hfk	20 000	Hfk
Dugnad	21 440	21 440	21 440	Dugnad	21 440	
			4 446	Meland	4 400	Meland K.
Total	55 886	45 979	55 886		45 880	

Med venleg helsing



Eirik Bouwer Utne  
Kulturkonsulent  
Meland kommune